

# + KYRKJEHELSING

KYRKJELYDSBLAD FOR ØSTERØY



NR. 1 JANUAR 2014  
39. ÅRGANG

**OSTERØY  
PRESTEGJELD  
TILSETTE/RÅD  
OG UTVAL**

Kyrkjekontoret ved Rådhuset  
Opningstider: Mån - fre: 08.00 - 15.00  
(Måndag er fridag for prestar og organistar)

TLF: 56 19 22 80 FAX: 56 19 22 81  
E-MAIL: [kirkje@osteroy.kommune.no](mailto:kirkje@osteroy.kommune.no)  
HEIMESIDE: [www.osteroy.kirkja.no](http://www.osteroy.kirkja.no)

**Direkte innval:**

Helge Kolstad	56 19 22 80
Tom Sverre Tomren	56 19 22 82
Inge Sørheim	56 19 22 83
Per Inge Hove	56 19 22 85
Baard Eikaas	56 19 22 84
Ruth Hauge	56 19 22 86
Helga Mjelstad	56 19 22 85

**Prestane:**

Sokneprest Tom Sverre Tomren  
Tlf: 45 63 68 93

Sokneprest Inge Sørheim, Hosanger  
Tlf: 56 39 26 66 - 90 62 00 46

**Kyrkjemusikk:**

Organist Per Inge Hove	976 57 481
Organist Baard Eikaas	936 72 224

**Trusmedarbeidar**

Helga Mjelstad	480 95 658
----------------	------------

**Kyrkjeleg fellesråd:**

Jenny Eikeland: Hamre sokn leiar  
Margrethe R. Ådland: Haus sokn nestleiar  
Wenche Fiskeseth: Bruvik sokn  
Liv Skår: Gjerstad sokn  
Jan Roald Myking: Hosanger sokn  
Audun Mosevoll: Representerer Osterøy kommune  
Inge Sørheim: Representerer Bjørgvin biskop

**Soknerådsleiarar:**

Gjerstad: Sveinung Hartveit  
Hosanger: Jan Roald Myking  
Hamre: Marit Angelskår  
Haus: Madli Hannisdal  
Bruvik: Wenche Fiskeseth

**Kyrkjeleg redaksjonsnemd:**

Redaktør: Kristoffer Foldøy  
Tlf: 56 39 45 42 - 476 18 124  
E-mail: [kristofferfo@gmail.com](mailto:kristofferfo@gmail.com)

Hild Breivik  
Madli Hannisdal

Layout: Oda Karoline Foldøy  
TRYKK: BODONI



Så er vi godt i gang med året 2014. Eit jubileumsår for både grunnlova og kommunen vår.

Vi kjem ut med ei tidleg utgåve av kyrkjebladet i år, mest for å gje oppdatert og rett gudstenesteliste. Det er også litt kontaktinformasjon som er ny.

På framsidebiletet denne gongen helsar Jesusbarnet oss, og vi kan gjerne tenke at barnet har nyttårsønskje for oss. Men dette barnet er ikkje berre ein nyfødd, for vi kan også sjå vaksne trekk i andletet. Ei alvorstyngd Maria held sonen i fanget, for ho er vel kjend med lagnaden som ventar den nyfødde. Tekstgrunnlag for dette står i Lukas 2, 34-35.

Der står det om Simeon i templet som fortel Maria om ei morssmerte som skal råka henne. Guten held eit granateple som er eit kongesymbol, men også ei påminning om at han skal gjera opp for den synda menneskeslekta vart påført ved syndefallet.

Rundt omkring står ein flokk englar, svært jordiske i utforminga om ein ser bort frå vengjene. Dei har hårfrisyrar og klede slik dei brukte i Firenze i målaren si samtid. Vi ser at dei studerer skriftene i bøkene sine, profetiar om det som skal koma, og ser ned på oss. Nokre ber på liljer, symbol på jomfrudom og uskuld.

*Sandro Botticelli* måla biletet i 1487. Kunstnaren arbeidde i denne perioden for Medici-familien i Firenze, og laga kjende kunstverk som "Våren" og "Venus fødsel". Det er den same kvinnen som set modell for Maria her som han nytta i "Venus fødsel". Ho heitte Simonetta Vespucci og kom frå ein mektig Firenze-familie. Dessverre døydde ho ung, medan ho berre var i 20 – åra.

Det var her i Firenze den perioden i kunsthistoria som vi kallar renessansen skaut fart, og Botticelli var ein viktig bidragsytar. I huset til Lorenzo Medici vandra det filosofar, musikarar, forfattarar, arkitektar og målarkunstnarar. Det var her ein tok steget bort frå den såkalla mørke mellomalderen der enkeltpersonar bortsett frå kongar, fyrstar og geistlege var anonyme, til den nye tida med meir fokus på individet. På mange vis la dei grunnlaget for måten vi moderne menneske framleis ser på oss sjølve. Og framsidebiletet er eit godt eksempel. Til og med englane har individuelle trekk.

Biletet heng no i Uffizi – galleriet i Firenze, eit museum med mykje vakker kunst.

- Kristoffer Foldøy

# **Kven har sett lyset?**

**Andakt ved Tom S. Tomren, Sokneprest Haus/Bruvik/Gjerstad**

Eg åt nistematen min ute på den afrikanske landsbygda, 60 km frå nærmaste elektriske lampe. Medan eg satt der med kaffitermosen dukka plutseleg ein solbrent og rynkete gamal mann fram bak treet eg sat under. Han helste ”Guds fred”, og ein heil tirade med formelle og høflege fraser strauma ut av munnen hans. Då det formelle var unnagjort, kom han til saken: ”Trur du på Gud?”

Eg var ikkje overraska over spørsmålet. Folk er veldig opne og direkte om eiga tru i Afrika. ”Ja, eg er kristen, eg trur at Jesus er Guds son.”

Andletet til min nye ven sprakk i eit stort smil: ”Det var godt, eg er sjølv muslim. Eg har hørt at det finst gudlause kvite i Europa, og av gudløyse kjem det aldri noko godt. Du veit, her i Afrika er vi stolte av trua vår. Vi stolar ikkje heilt på nokon som ikkje stolar på Gud.”

Eg forstår ein del av det han seier. Afrikanarar flest er svært religiøse; både kyrkjer og moskear er fulle.

I Noreg har det vore ein tendens til å sjå ned på den religiøse rikdomen i Afrika. Det religiøse blir sett på som eit mindre utvikla verdsbilete, og når dei (les: afrikanarane) når eit høgare utviklingsnivå, kjem dei ikkje til å trenge Gud. ”Gud er død” proklamerte filosofen Nietzsche, og mange i dagens Europa, også i Noreg, nikkar bifallande.

Ein god kamerunsk ven budde tre år i Frankrike då han skulle gjennomføre doktorgraden sin. Han reflekterte mykje over det han opplevde som ei

”nedlatande europeisk haldning” til den afrikanske religiøsitetten.


”Slik som eg tenkjer,” sa han, ”så er denne religiøse utviklingsideologien ein siste rest av det kolonialistiske verdsbiletet. Det undrar meg at dei sekulære europearane ikkje skjøner kva vi har. At vi afrikanarar med våre religiøse dimensjonar forstår meir av røynda enn dei, og at det er dei som treng å få meir innsikt.”

Etter å ha levd i Kamerun i fire år og deretter to år i Noreg må eg seie at eg saknar mykje av den afrikanske rikdomen. Dei ærlege samtalene, intensiteten, glede, relasjonane, og dansen i kyrkjene. No når eg har avstand til Afrika, ser eg at han har rett i mykje av det han sa. Vi har mista mykje av oss sjølve. Vi er meir opptekne av våre eigne karrierar, og med å lukkast i aktivitetar, enn å bry oss om korleis vi har det med kvarandre. Vi har slutta å snakke om Gud, nokon kan kanskje kjenne at dei skjemmest litt når dei får spørsmål om dei er kristne.

Min kamerunske ven har rett. I dag er det vi i den vestlege verda som treng å bli opplyst.

Vi treng lyset for å finne oss sjølve, og vi treng å bli funne av Gud.

Med ynskje om alt godt.



# BISKOPKANDITAT FRÅ OSTERØY

**Det skal tilsetjast ny biskop i Tunsberg bispedømme, og Margunn Sandal frå Osterøy er ein av kandidatane. Kyrkjerådet har tilsaman seks kandidatar å velja mellom når dei skal ta ei avgjer midt i mars.**

**Tekst: Kristoffer Foldøy**

**Foto: Svein Aage Christoffersen**

"Den skal tidleg krøkast som god krok skal bli", seier ordtaket. Det passar for så vidt på Margunn Sandal, som tidleg var klar for utdanningsløpet sitt. Ho tok til i skulen på Hamre eit skuleår før ho hadde alderen til det, og som andre-klassing fekk ho ein stil på trykk i bladet "Osterøyskulen". Redaktøren skriv at ho så langt er den yngste bidragsytar til bladet. I stilen fortel Margunn om ei reise til og frå Hatland, der dei skal ha symjetime. Vi ser at ho allereie på dette tidspunkt veit å festa seg med detaljar i det som omgjev henne.

Ein skal sjølv sagt ikkje ta ordtaket bokstaveleg, og nokon krok har ho heller ikkje blitt, presten og universitetslektoren Margunn Sandal. Ho er busett i Oslo, er gift, har tre born og fyller 51 år i februar. Ikkje så lenge etter fødselsdagen, på eit møte som Kyrkjerådet skal ha 11. – 12. mars, vert det bestemt kven som skal bli ny biskop i Tunsberg. Dette bispedømmet strekkjer seg geografisk over Buskerud og Vestfold fylke, og bispesetet er i byen Tønsberg.

I haust har Margunn undervist på Det teologiske fakultetet og hatt ei førelsesrekke om det fleirreligiøse Noreg, samstundes som ho har arbeidd på doktoravhandlinga si. Emne for avhandlinga er vår tids kyrkjearkitektur og har tittelen: "Overskridande arkitektur. Ei undersøking av det sakrale i nyare kyrkjebygg". Tilhøvet mellom kyrkjerommet si utforming og handlingane som går føre seg der er eit område Margunn har forska på lenge, og for nokre år sidan var ho i Hamre kyrkje og hadde eit foredrag om akkurat dette. Kyrkjer som blir bygde i vår tid er for det meste ganske ulike arkitektonisk dei som har stått her i fleire hundre år. Ein finn mange variantar av kyrkjerom, og nybygde kyrkjer har ofte også laga plass til tilleggsfunksjonar utover det som går føre seg i sjølve kyrkjerommet.

Bispekandidaten kan visa til ei lang og variert liste med arbeidspakts. Ho starta arbeidslivet i Masfjorden, der ho var 50% lærar og 50% kyrkjelydssekretær. Etter eit år med psykologi grunnfag og førebuande på Universitetet i Bergen, tok ho til med prestutdanninga si. Ho vart Cand. Theol. i 1989 ved Menighetsfakultetet, og året etter tok ho praktisk-teologisk eksamen. I studietida var Margunn i Sveits ein liten periode ved det økumeniske instituttet som Kyrkjeverdsrådet driv i Geneve.



22. mars 1992 vart ho vigsla til presteteneste i Oslo domkyrkje. Helst ville ho at vigslingsa kunne gå føre seg heime på Osterøy, i Hamre kyrkje. Men slik skulle det ikkje gå. Soknerådet der kom med knapt fleirtal fram til at dei ikkje kunne stå bak vigslig av ein kvinneleg prest. Så då blei det i hovudstaden.

Margunn har sidan vore førstekonsulent i Mellomkyrkjeleg råd for Den norske kyrkja, og fagleg sekretær for Kyrkjerådet i kyrkje/stat – utvalet. Ho har vore generalsekretær i Norske kirkeakademier og stipendiat ved Universitetet i Oslo. Prostipresteteneste og vikarteneste for soknepresten på austre Romerike har ho også funne tid til.

Lista over tillitsverv – engasjement er også lang, frå ho hadde sitt første leiarverv i det Kristne Gymnaslaget, Åsane gymnas. Og så har Margunn fått på trykk ei rekke artiklar og andre publikasjonar, og ho har vore med på å redigere bøker. Det er ikkje vanskeleg å forstå at nominasjonsnemnda har teke henne ut som kandidat til bispestolen.

- Det kom ein telefon frå leiaren for bispedømerådet i Tunsberg, fortel Margunn. Nominasjonen kom heilt overraskande på meg.

Nemnda har stilt kandidatane nokre felles spørsmål. Margunn svarar at den viktigaste oppgåva ein biskop har etter hennar meining er tilsynet: Å løfta fram dei lokale kyrkjelydane. Det vil seja å synleggjera dei verdiane lokalkyrkja representerer med bygning, kulturliv, menneskelege ressursar, og sist og ikkje minst, ved det arbeidet tilsette og friviljuge utfører. Ein biskop kan medverke til ei verdsetjing av mangfaldet i kyrkja, og bør også ta ansvar for å formulere kva som bind kyrkja saman til ei kyrkje lokalt, nasjonalt og globalt.

Ho meiner vidare at endringar i det religiøse landskapet i landet vårt stiller kyrkja over for mange utfordringar. Korleis kan vi ta inn over oss det nye og framleis vera ei levande folkekkyrkje?

Gjennom ei vedkjennande, tenande, misjonerande og open folkekkyrkje, som kan møta samfunnsutfordringane frå dei svakaste sitt perspektiv, er ein tilbake til visjonen for Den norske kyrkja: I Kristus, nær livet!

Sjølv meiner Margunn at ho kan bidra spesielt med å visa kva verdi kunsten og kyrkjebygga har for menneske. Etter hennar meining spelar kyrkjebygga, kyrkjemusikken og dei andre kunstartane ei vesentleg rolle i folkekkyrkja, og desse områda har Margunn særleg kompetanse på.

Den breie utdannings- og arbeidserfaringa ho har må også tala til hennar fordel når ny biskop skal peikast ut.

Eg spør henne om korleis ho vurderer sjansane til å bli utnemnd til ny biskop i Tunsberg når Laila Riksaaen Dahl går av 1.juli i år. Men det vil ho ikkje meine noko om. Ho har sagt ja til å bli nominert, og trur ho kan gjera ein god jobb som biskop.

- Eg er opteken av kyrkja si framtid, og har klare meiningar om kva retning ho bør gå i, avsluttar Margunn.

#### Dei andre kandidatane:

- *Sølvi Lewin, 42 år, sokneprest*
- *Per Arne Dahl, 63 år, stortingsprest og statsstipendiat*
- *Torstein Lalim, 56 år, prost*
- *Jan Otto Myrseth, 56 år, domprost*
- *Paul Erik Wirgenes, 54, avdelingsdirektør i Kirkerådet.*

## *Velkommen til pensjonistsamlingar i aldersbustaden i Haus våren 2014:*

Første samling tysdag 11.februar kl.  
13.30 - 15.30

*Tysdag 25. februar: kl. 13.30 - 15.30*

*Tysdag 11. mars: kl. 13.30 - 15.30*

*Tysdag 25. mars: kl. 13.30 - 15.30*

*Tysdag 8.april: kl. 13.30 - 15.30*

*Tysdag 22. april: kl. 13.30 - 15.30*

*Tysdag 6.mai: kl. 12.00 avslutning i  
kyrkjelydshuset*

*Tysdag 20.mai tur?*

*Håpar du har lyst å koma, inviter  
gjerne nokon fleire med deg.*

*Treng du skyss, ta kontakt med  
Ågot Mjølkeråen 56390170 eller  
Berit Berland 56390087*

*Haus sokneråd  
Diakoniutvalet*

## **Misjonsbasar i Haus kyrkjelydshus laurdag 8.februar.kl.15.00**

**Det blir åresal, sal av mat og kaffi.  
Pengane går til misjonsprosjekta:**

**Lovsongsheimen i Bangkok  
og Døveskulen i Kamerun.**

**Ta med heile familien og kom.**

**Arr: Haus sokneråd sitt misjons- og  
diakoniutval.**

# ***Det friviljuge arbeidet er bærebjelken i eit kvart samfunn..... det som i kyrkja er diakoni.***

v/ leiar i Osterøy eldreråd Åge Clausen

«Kommunen kan ikkje fikse alt» - smak litt på utsegna. Det er faktisk tittelen på ei bok skrive for ca. 25 år sidan av ein vel erfaren og høgt respektert stat/ kommunebyråkrat ; Paul Kløverud. Aldri har denne utsegna vore meir aktuelt om samfunnet vårt «flyt over av mjølk og honning». Og faktisk kan det takast opp at slik at både kyrkjelydar, innbyggjarar, politikarar og kommuneadministrasjon kan både smake og tygge på det. Om Osterøy kommune eller kyrkjelydane var aldri så rike eller fattige vil me vere eit forvitrande samfunn utan frivillige sitt engasjement . Engasjement for kvarandre sitt beste. Paulus sa det slik i brevet til Efesarane (2.8-10): «For av nåde er de frelse, sidan de trur! Og dette er ikkje av dykk sjølve; det er Guds gāve. Det kjem ikkje av gjerningar; ikkje nokon skulle kunne rosa seg sjølv. For vi er hans verk, skapte i Kristus Jesus til gode gjerningar, som Gud føreāt emna til, så vil skulle ferdast i dei.»(frå mitt gamle nytestamente) Dette er kyrkjas diakonale grunnstein. Men me veit og frå andre trusretningar at omsorg og innsats for andre menneske er ein bærebjelke for eit levande og berekraftig samfunn.

Me kan t.d spørje; korleis vi tar vare på kvarandre i nærmiljøet. Ja, for den del i fjernare strok av kloden vår.

Eg er attende i Hamrekyrkja ein søndag der teksten var historia om dei fire venene som bar ein lam mann til Jesus. Der var så mykje folk at dei laut ta bort taksteinar og fire han ned framfor Jesus, for å nå fram til han. Jesus helbreda mannen. Temaet er ikkje helbreding i dag, sjølv om det er svært så aktuelt i våre dagar og. Nei, vi skal stanse ved dei 4 venene som bar han og som enno til gjorde seg såpass umake at dei firde han ned gjennom eit hol dei måtte lage i taket. No kunne sikkert denne historia vore fortalt av ein muhammedanar eller

humanetikar. Poenget er det same: me treng kvarandre! Ein gong er det deg – ein gong er det meg. Me vil alle ein eller annan gong kome i ein situasjon der me treng det gode ..... Denne nesten banale setninga som me alle kjenner så godt verkar framleis: "Den største gleda ein kan ha det er å gjera andre glad"! Har du tenkt kva det inneber for deg å vite at du har gode vener som vil stille opp for deg når du treng hjelp og støtte? For å understreke dette enno sterkare sa han som var helbredaren i Markus evangeliet det slik: "Det du vil at andre skal gjera mot deg, skal du gjera mot dei!" Dette er døme på kjærleiken Kongen tok utgangspunkt i i sin nyårstale.....

Me vart og minna om dette under hausten innsamlingsaksjon til nasjonalforeininga sitt demensarbeid. Eg minnes og at daglege leiaren i Kyrkjeleg fellesråd på Osterøy Helge Kolstad peika på friviljug innsats som ein bærebjelke i det å utvikle kyrkja vidare på øya vår. Kyrkjelydane har eit særleg oppdrag her, slik me vart minna om i Hamrekyrkja. Men den same køyrreregelen gjeld kvar og ein av oss, kva me enn trur på. Eit samfunn der me bryr oss om kvarandre er noko heilt anna enn det kalde samfunnet der ein let att augo for andre si naud.

Osterøy eldreråd er primært rådgjevarar til administrasjon og kommunestyre for å sikre eldre sine kår i kommunen. Eitt av våre tydelegaste råd til budsjett for 2014 var å få etablert friviljuggsentralen att i Osterøy. Diverre fekk me ikkje det til...eitt klassisk «kommunen kan ikkje fikse alt»-tiltak. Kommunalt initiativ og grunnfinansiering, kunne utløyse mykje høgt tiltrengt friviljug innsats. Ei enno sterkare erkjenning av at me kan få enno meir ut av knappe kommunale kroner ved å initiere og utvikle samarbeid med friviljuge, ser eg fram til å sjå.



# **TEMAMØTE**

## **«Det gode liv»**

**HELSE - LIVSSTIL - LIVSKVALITET**

Høyr stortingsrepr. **Kjersti Toppe**

**Valestrand skule (gym.salen)**

**torsdag 20. februar kl 19.00**

**Kjersti Toppe er nestleiar i Helse- og omsorgskomiteén i Stortinget. Ho er lege og seksbarnsmor, har ein travel kvardag, men har lenge vore sterkt engasjert i ulike helsespørsmål. Ho har mykje å dela med oss!**

- ▲ Folkehelsekoordinator i Osterøy, Kristin Ruud Myking, deltek
- ▲ Samtale-og spørsmålsrunde
- ▲ Kulturinnslag v/musikkgrupper

***Gratis inngang***

**Arrangørar: Valestrand Helselag  
Hauge Helselag, Hjellvik Helselag, Hamre Helselag, Osterøy  
Fråhaldslag og Osterøy Folkeakademi**

## 50 - ÅRS KONFIRMANTAR I HAUS



Fotograf Storebo

Bak frå v: Sveinung Knappskog, Magne Herfindal, Britt Vasstrand Kårevik, Arvid Mjelde, Åge Skulstad, Anders Mjelde.

Framme frå v: Ellinor Langhelle, Margun Blom Lilletvedt, Prost Kåre Mestad, Edith Rolland, Annlaug Karin Skulstad Wangen.

### PLASSEN MIN I KYRKJA

I kyrkja den norske min plass eg titt finn  
og den har eg hatt sidan dåpsdagen min.  
Foreldra meg lærde på kyrkjeveg vandre  
der lang veg eg trakka i saman med andre.

Mi dåpspakt fornya som konfirmant blei,  
men trua og tvilen drog hardt kvar si lei.  
Til slutt fekk eg kvila i dette Guds-ordet  
at det var nok det som Frelsaren gjorde.

Kvar søndag eit kyrkje-besøk er det store,  
orgelbrus, preik, sakrament fram blei bore.  
Alt er berre nåde, for Jesus har sona,  
om sumt blei mislykka kveikjer han vona.

Om livsvegen stundom kan kjennast litt bratt  
der foten blir sår og mi oppdrift er matt.  
Vår kyrkje med age og vørdnad eg helsar;  
der møter eg Jesus, min levande Frelsar.

Lat ikkje din plass i vår kyrkje stå tom,  
men lyd klokkeklangen når den kallar: KOM!  
Frå kvardag og møde er kvile å finna  
og der kveikjest vona om himmerik vinna.

- Asbjørn Askeland

## **Det er ikkje fint gjort av hjorten å rasera kyrkjegarden.**

**Madli K Hannisdal**

Hjort er det mykje av på Osterøy, det får me til tider både merka og sjå. Hjorten er eit staseleg dyr, men den kan og gjera stor skade både i hagar, frukttre, plantar og skogsvokstrar. Lite kjekt var det å oppleva at hjorten fann kyrkjegarden i Mjeldalen som eit eigna område å slå seg laus på. For to år sidan like etter snøen for, gjorde hjorten sitt inntog og raserte det meste av kransar, lykter, lyng og blomar. Det såg i første omgang ut som eit skikkeleg hærverk, men hjorten etterlet seg spor som avslørte kven som hadde gjort ugjerninga. I haust har hjortane ikkje lete venta på seg. Gravplassen har blitt flittig besøkt og spora dei etterlet seg har vore eit trist syn. Øydelagde blomar, opprevne lyngar og kransar som har blitt ille medfarne.

På kort tid like oppunder jul blei det sett opp gjerde rundt dei utsette delane av kyrkjegarden i håp om at hjorten no er utestengd. Takk til dei tre karane fra Rolland; Jan Kåre, Jan Åge og Asbjørn Rolland som på kort varsel stilte opp og gjorde dugnad til glede for dei mange av oss som bur i øvre delen av Haus sokna og som tilhører denne kyrkjegarden.



### **UNGDOMSKLUBB I HAUS:**

Aldersgruppe: Frå 8.klasse og oppover

Tid: Fredagar frå kl.19.30-21.30

Stad: Haus kyrkjelydshus

#### **Samlingar:**

- 10.januar**
- 24.januar**
- 7.februar**
- 14.februar**
- 7.mars**
- 21.mars**
- 4.april**

### **KYRKJELYDSBASAR FOR HAMRE**

**Valestrand bedehus  
søndag 2. februar kl. 16.00**

### **KYRKJESKYSS TIL HAUS:**

**Frå Sundland/Votlo:** Anette Kårvatn  
tlf 90874357

**Frå Rolland/ Mjeldalen:** Madli og  
Olav Hannisdal tlf 91330928

**Frå Havrå/Kvisti:** Signe Hannisdal  
tlf 99124257

### **KYRKJESKYSS TIL GJERSTAD:**

Kjellaug Hartveit, tlf. 56 39 01 46, mobil 970 25 127

Roger Breivik, mobil 913 82 424

### **KYRKJESKYSS TIL BRUVIK:**

Otto Mo, mobil 959 98 469

Erling Bruvik, mobil 958 54 915

*Ver ikkje redd for å ta kontakt. Me ynskjer at folk kjem til kyrkje! Om ikkje dei oppsette personane køyrrer sjølv, får dei andre til å gjera det.*

# TENDE LYS I BRUVIK KYRKJE



**Tekst: Wenche Fiskesteth**

**Foto: Erling D. Bruvik**

Den 15. desember 2013 var folk frå Bruvik og mange gjester samla til lysmesse og julekonsert i Bruvik kyrkje. Sokneprest Tom Sverre Tomren og konfirmantane stod for lysmassa som blei stilfullt og høgtidsamt gjennomført. Konfirmantane tende lys i lysgloben som Bruvik kyrkje har fått i gave frå Bruvik kyrkjering. Tradisjonen tru heldt Haus musikklag ved dirigent Oddvar Brekke ein framifrå fin og stemningsfull konsert.

Alle i kyrkja song med på dei kjende julesongane. Dessutan presenterte dei musikkstykke av særskilt kvalitet.

Eit spesielt flott innslag framført av ungdommane Marie, Kristoffer, Arve, Tomine, Mariell, Eva, Sondre, Caroline, Rose og Sølvi frå Bruvik gjorde kyrkjessamlinga heilt fullkommen. Til eige akkompagnement av violin, gitar, bass og keyboard song dei fleirstemt.

Kvelden vart avslutta med kyrkjekaffi.

Bruvik sokneråd takkar for lysmassa og julekonserten og ynskjer vel møtt i advent 2014!



# Julesong

Ester Mæhle

Mel: Nils Helge Karstad

**Dm**                    **A/C#**                    **Dm4**                    **Dm/C**

Det var ik - kje rom for Je - sus i  
 Hyr - din - gar fylg - de son - gen, fann  
 Ik - kje i flokk og fyl - gje, men  
 Treng me at Han får sen - da sin

**Bb**                    **C**                    **F**                    **Bb**                    **C**

Bet - le - hem før - ste gong.                    Him - mel - ens Her - re og  
 fram til Guds kjær - leik stor.                    Fann den i stal - len  
 aud - mju - ke ein og ein,                            treng me å gå til  
 sol - strå - le ov - er jord.                            Slik at frå fros - ne

**A/C# Dm**            **G**                    **C**                    **Dm**                    **C/E**

Kon - ge fød - dest i stal - len trong.                    Men ov - er Bet - le-hems  
 lå - ge, sveipt som ein lit - en bror.                    Ver - da sin sto - re  
 Krub - ba og hyl - la den ves - le Svein,                    treng me at Han får  
 hjar - to ang - an - de blo - mar gror.                    Treng me at Han får

**F**                    **F/A**                    **Bb**                    **C**                    **F**

bø - en høyr - dest der eng - le - song.  
 Frel - sar Him - mel - riks kjær - leiks - gror.  
 lind - ra og læk - ja vårt hjar - te - mein.  
 sig - na vårt ny - du - ka ju - le - bord.

**På julekonserten i Haus 13 desember** blei denne vakre julesongen med tekst av Ester Mæhle og melodi av Nils Karstad framført av Linda Fosse for første gong i Haus kyrkja på julekonserten som Haus musikklag og soknerådet arrangerte. Ein mektig tekst og ein fantastisk fin melodi. Ester Mæhle (94 år) var sjølv tilstades på konserten og både ho og Linda mottok både applaus og blomar for det vakre innslaget.

- Madli K Hannisdal





# DEN NORSKE KYRKJA

## Osterøy

### JANUAR

#### Sundag 5/1-2014, Kristi openberringsdag

**Gjerstad kl 11:** Høgmesse. Dåp. Nattverd. Tomren.  
Takkoffer til Israelmisjonen.

**Hamre kl 11:** Høgmesse. Dåp. Nattverd. Sørheim.

#### Sundag 12/1-2014, 2. sundag i openberringstida

**Haus kl 11:** Høgmesse. Dåp. Nattverd. Tomren.  
Takkoffer til Fredslandsby i Kuron, Sør Sudan.

**Hosanger kl 11:** Høgmesse. Nattverd. Sørheim.  
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

#### Sundag 19/1-2014, 3. sundag i openberringstida

**Gjerstad kl 11:** Høgmesse. Nattverd. Innsetjing av vår  
nye kantor Baard Eikaas. Tomren. Takkoffer til  
kyrkjelydsarbeidet. Det vert ei samling med  
kyrkjekaffi etterpå.

#### Sundag 26/1-2014, Såmannssundagen

**Bruvik kl 11:** Høgmesse. Nattverd. Sørheim.  
Tårnagentane deltar.

### FEBRUAR

#### Sundag 2/2-2014, 5. søndag i openberringa

**Gjerstad kl 11:** Høgmesse. Nattverd. Sørheim. Takkoffer til  
Diakonistiftelsen.

#### Sundag 9/2-2014, 6. søndag i openberringa

**Haus kl 11:** Høgmesse. Nattverd. Avskjed med  
mangeårig kyrkjetenar Asbjørn Skjeldal. Tomren.  
Takkoffer til Bibelselskapet.

**Hamre kl 16:** Familiegudsteneste. Dåp. Nattverd.  
Sørheim.

#### Sundag 16/2-2014, Såmannsøndagen

**Gjerstad kl 11:** Familiegudsteneste. Nattverd. Tomren.  
Takkoffer til Bibelselskapet.

**Hosanger kl 16:** Familiegudsteneste. Dåp. Nattverd.  
Innsetjing av vår nye kantor Per Inge Hove.  
Sørheim. Bibel-dagen - utdeling av  
Godt Nytt til 11-åringane. Kyrkjekaffi.

#### Sundag 23/2-2014, Kristi forklæringsdag

**Haus kl 11:** Karnevalgudsteneste. Nattverd. Utdeling av  
bok til 6-åringane. Tomren. Takkoffer til  
kyrkjelydsarbeidet.

**Bruvik kl 17:** Familiegudsteneste. Nattverd. Tomren.

### MARS

#### Sundag 2/3-2014, 1. sundag i fastetida

**Hamre kl 18:** Misjonsgudsteneste. Dåp. Nattverd. Det norske  
misjonsselskap deltek. Sørheim.

#### Onsdag 05.03.2014 Oskeonsdag

**Gjerstad kl 19:** Høgmesse. Sørheim.  
Takkoffer til prosjekt i Uganda.

#### Sundag 9/3-2014, 2. sundag i fastetida

**Haus kl 11:** Lekmannsgudsteneste. Audun Mosevoll.

**Hosanger kl 11:** Misjonsgudsteneste. Dåp. Nattverd.  
Det norske misjonsselskap deltek. Sørheim.

#### Sundag 23/3-2014, Maria bodskapsdag

**Hamre kl 11:** Babysonggudsteneste. Dåp. Nattverd. Sørheim.  
Årsmøte for kyrkjelyden.

**Gjerstad kl 11:** Høgmesse. Tomren.

#### Sundag 30/3-2014, 3. sundag i fastetida

**Hamre kl 11:** Forenkla Høgmesse. Sørheim.  
Konfirmantsamtale.

**Hosanger kl 17:** Forenkla Høgmesse. Sørheim.  
Konfirmantsamtale.

### APRIL

#### Sundag 6/4-2014, 4. sundag i fastetida

**Haus kl 11:** Høgmesse. Dåp. Nattverd. Fasteaksjon.  
Sørheim. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

**Gjerstad kl 11:** Høgmesse. Dåp. Nattverd. Fasteaksjon.  
Tomren. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

**Bruvik kl 17:** Høgmesse. Nattverd. Fasteaksjon. Tomren.



# BARNEKOR

i Hosanger Kyrkje



Barnekoret er tilknytta Hosanger Kyrkje/Sokneråd. Me ønskjer ein inkluderande stil, slik at alle barn frå 6-12 år kan kjenna seg velkomne. Koret skal vera ei støtte for foreldra til å oppdra barna i den kristne trua.

**Foreldra er velkomne som tilhøyrarar på øvingane**

Illustrasjonaar: Elisabeth Moseng og Birgitte Kolbeinsen  
Brosyre: Haldor Askeland Mjelstad

Likar du å syngja?  
Likar du å leika?  
Har du begynt på skulen?

**Då kan dette vera noko for deg!**

## **Du og barnet ditt er velkomne til babysong!**

Stad: Borgstova ved Hamre kyrkje eller Gjerstad kyrkje.

Tid: Annankvar onsdag kl.12.00-13.00

Første samling på Hamre: 5.februar

Første samling på Gjerstad: 12.februar

Babysong er for deg, som har barn mellom 0 og 1 år. Her kan ein få repetera kjente barnesongar og læra rim, regler, rørslesongar og barnesalmar.

Songstunda varer i 45 min. Etterpå blir det servert frukt og juice.

### **Påmelding før 30.januar:**

Via sms på tlf.nr: 48 09 56 58

Skriv: Barnet sitt namn + kvar de vil delta + mor eller far sitt namn.

Pr. tlf: 56 19 22 85

**Dei første som melder si interesse får først plass!**

**Tilbodet er gratis.**

**Ta med eit godt teppe til barnet ditt!**

**Venleg helsing**

**Helga Askeland Mjelstad**

Trusmedarbeidar

Hamre & Gjerstad sokneråd

### **I Borgstova på Hamre:**

**Onsdag 5.febr. kl.12.00  
Onsdag 19.febr. kl.12.00  
Onsdag 5.mars kl.12.00  
Onsdag 19.mars kl.12.00  
Onsdag 2.april kl.12.00  
Onsdag 30.april kl.12.00  
Onsdag 14.mai kl.12.00**

### **Søndag 23.mars:**

**Babysonggudsteneste i Hamre kyrkje**

**kl.11.00**

### **I Gjerstad kyrke:**

**Onsdag 12.febr. kl.12.00  
Onsdag 26.febr. kl.12.00  
Onsdag 12.mars kl.12.00  
Onsdag 26.mars kl.12.00  
Onsdag 9.april kl.12.00  
Onsdag 23.april kl.12.00  
Onsdag 7.mai kl.12.00**

# GRUNNLOVSJUBILEET MARKERES I KIRKEN

*Tekst henta fra kirkeaktuelt.no*

# Vi feirer



## GRUNNLOVSJUBILEET

I 2014 er det 200 år siden Norge fikk sin egen grunnlov. Alle landets menigheter oppfordres til å markere dette jubileet i gudstjenesten 23. februar 2014.

Grunnlovsjubileet gir kunnskap om vår nasjons og kirkes felles historie, og peker på kirkens ansvar for å tale og handle der frihet og menneskerettigheter trues.

### Allerede i slutten av februar

Festgudstjenesten, bønnedag for land og folk 23. februar inngår i denne markeringen som offisiell og nasjonal markering i Oslo domkirke og som markering i lokalkirkene. Markeringen er lagt på den søndagen som faller nærmest datoен for bededags-gudstjenesten i 1814 som var 25. februar.

### Året over alle år

1814 kalles mirakelåret i norsk historie. Norge gikk inn i 1814 som en del av det eneveldige kongeriket Danmark-Norge, styrt fra København, og endte som egen stat i union med Sverige. Innimellom erklærte landet full uavhengighet, holdt de første politiske valgene og skaffet nasjonen en grunnlov. Det var begynnelsen på utviklingen av demokratiet i Norge.

Dette er Den norske kirkes programerklæring for grunnlovsjubileet: Fri til å tale, tro og tjene. Dette blir også hovedtemaet for Kirkemøtet 2014 (i Kristiansand 3.-8. april).

### Viktige datoer

Torsdag 9. januar skal Stortingets hovedkomité for Grunnlovsjubileet offentliggjøre programmet. Da vil Kirkerådet presentere bred informasjon om hvordan jubileet markeres i kirken.

Gudstjenester av nasjonal karakter i forbindelse med Grunnlovsjubileet 2014:

Søndag 23. februar: Offisiell og nasjonal festgudstjeneste, bønnedag for land og folk i Oslo domkirke.  
Torsdag 10. april: Nasjonal gudstjeneste i Eidsvoll kirke, Eidsvoll.

Mandag 19. mai: Offisiell og nasjonal gudstjeneste i Eidsvoll kirke, Eidsvoll. (Det var den dagen Grunnloven ble undertegnet i 1814.)

Tirsdag 20. mai: Offisiell og nasjonal økumenisk gudstjeneste i Nidarosdomen, Trondheim.

*Slekters gang kjem i neste nummer.*

# TAPT

Nokre gonger tapar vi ein fotballkamp eller eit vedde-mål med kameratane. Andre gonger opplever vi langt meir alvorlege tap. For dei tapa finst Kirkens SOS, menneske med erfaring i å lytte til og støtte andre. Ring oss anonymt kva tid som helst på 815 33 300 eller kontakt oss på [kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no). Vi er her. Alltid.



# REMA 1000

5282 Lonevåg | 56 39 22 30

## BLINK HUS

## Helge Rød as

BLINK HUS Helge Rød | 5281 Valestrandsfossen  
[www.helgerod.no](http://www.helgerod.no) | Tlf: 56 19 37 00 | Mob: 45 24 54 85

DER GODTFOLK TREFFES  
OSTERØYKROA  
56193434



YX Osterøy Servicesenter  
5281 Valestrandsfossen  
56 39 41 86

## Revheim Gravferdshjelp

Telefon: 56 39 21 73  
Revheim  
5282 Lonevåg



SparebankenVest  
- satsar på Vestlandet

# MISTET

Nokre gonger mistar vi ein paraply eller ein hanske. Andre gonger opplever vi å miste noko langt meir alvorleg. For dei tapa finst Kirkens SOS, menneske med erfaring i å lytte til og støtte andre. Ring oss anonymt kva tid som helst på 815 33 300 eller kontakt oss på [kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no). Vi er her. Alltid.



TOTALLEVERANDØR AV  
ELEKTROINTALLASJONER  
AUTORISERT EL- OG TELEINSTALLATØR  
**Thunestvedt**

Bergen 55 39 19 00 | Osterøy 56 19 39 00  
[www.thunestvedt.no](http://www.thunestvedt.no)

TAKK FOR STØTTA  
FRÅ SPONSORANE VÅRE!

# DET ER MEIR MELLOM HIMMEL OG JORD..

Wenche Fiskeseth vil ønskja godt nytt år med følgjande historie:

På eit seminar i Osterøy Senioruniversitet fortalte førstekonsulent i Statens Vegvesen, Nils Nonås, følgjande historie:

Ei eldre kvinne på eit småbruk her på Vestlandet ringde og ba han koma å sjå på eit underleg fenomen der i nablaget. Meir ville ho ikkje seie. Ettersom Nonås frå naturen si side er nyfiken men samstundes nøktern, tenkte han at dette måtte ha noko med yrket hans å gjera, så han tok turen.

Garden låg som dei fleste vestlandsgardar – litt ut av lei. Kona, som budde åleine, tok vel imot han og baud på kaffi.

Under samtaLEN kunne ho fortelja at dei måtte passera ei stor myr når kyrne skulle til seters. Folk som ikkje var kjende, gjekk rundt myra. Men kyrne gjekk alltid seinverges over kvart einaste år, både til setra og når dei skulle heim att. Dette var underleg, tykte ho, sidan alle visste at kyr og hestar heldt seg langt unna myrar.

Andre på garden hadde også undra seg over dette og hadde grove ei grøft i myra for å sjå kva som gjorde at kyrne ikkje sokk ned i myra traff dei på trevirke. Men noko meir vart ikkje gjort med det, og no var seterdrifta avvikla.

Korleis kyrne hadde greidd å traska over ei vassjuk blautmyr ville no kvinna ha eit svar på. Her var det trong for synfaring!

Nils Nonås kunne snart stadfesta at det låg trevirke om lag 20 cm under torva. Denne låg som ei bru tvers over myra der kyrne hadde vandra. Han meinte at konstruksjonen skreiv seg frå mellomalderen då det var vanleg å leggja slike bruer oppå myrar for å letta framkomsten.

Kona sa seg nøgd med dette, men ville vita korleis kyrne kunne hugsa dette like frå mellomalderen og fram til i dag! Myra var no attgrodd, og bruva viste ikkje. Her blei førstekonsulenten svar skuldig, men prøvde å visa henne til ein annan etat.

Som det heiter: Det er meir mellom himmel og jord...

Konklusjonen må vera at det er lurt å sjå etter dyretråkk før du vågar deg ut i ei blautmyr!

Det veltar kvit røyk ut av skorsteinen på huset til naboen, og det luktar godt som når ein røykjer kjøt eller fisk på gamlemåten. No fyrer han nok med julatreet! Den korte sesongen ein pyntar grøne tre i stova er over for denne gongen.

Stoff som skal med i neste nummer må vera sendt inn til **20.03.**

Redaktør: Kristoffer Foldøy, 5281 Valestrandfossen.

E-mail: kristofferfo@gmail.com



## Bunad og stakkastovo as

*ny bunad*

*omsaum*

*bunadsølv*

*tilbehør*

*Ring for avtale 56 19 18 00*

*Osterøy næringspark, 5281 Valestrandfossen*

*www.bunadogstakkastovo.no*